

Tilsvar på tilleggsfråsegn i samband
med høyringa av konsesjonssøknad for
Øystese kraftverk, Kvam herad.

Øystese 8.11.2013

Øystese Kraft (ØK), Kvam herad. Svar frå Øystese Kraft AS i samband tilleggsfråsegn til konsesjonssøknaden.

Bakgrunn

Vi viser til oversending av tilleggsfråsegn der Dykk ber om Øystese Kraft (ØK) sine kommentarar til denne:

Naturvernforbundet i Hordaland (NFH):

- 1. Frå ein naturvernsynstad er det framleis viktig å understreka at utgreiingane til utbyggjarane ikkje verdset natur- og miljøverdiane i dette urørte vassdraget godt nok. I dei siste åra har det kome stadig fleire planar om utbygging av elvar til småkraftverk i midtre og indre deler av Hordaland. Med ein slik bakgrunn vert det endå viktigare å la eit slikt urørt naturdokument som Øystesevassdraget får renna urørt frå fjell til fjord. I konsekvensutgreiingane er ikkje den overordna verdien av å ha eit urørt vassdrag frå fjord til høgfjell vurdert samla. Naturvernforbundet meiner den verdien er god nok grunn til å gå mot begge utbyggingsplanane. Vassdraget vart tilrådd verna av NVE i den siste suppleringa av verneplan for vassdrag. Diverre tek ikkje ei konsesjonshandsaming opp i seg dei breie, generelle vernevurderingane. Konsekvensutgreiingane har vurdert oppdelte, smalare fagfelt. Me ber NVE ta med seg alle vurderingane som er gjort i forhold til Øystesevassdraget fram gjennom åra når utbyggingsplanane skal vurderast.*
- 2. Fylkesdelplanen for små vasskraftverk for Hordaland vart vedteken 9. desember 2010. I utgreiingane som ligg det til grunn for planen er det gjort mange vurderingar av naturverdiar og kva kunnskapsbakgrunn som finst. I kartdelen i planen er området der Øystesevassdraget ligg karakterisert med høgste, "Stor verdi", når det gjeld sårbare høgfjellsområde, fjordlandskap og regionale friluftsområde. Middels verdi når det gjeld inngrepsfrie område. Når det gjeld biologisk mangfald og kulturminne indikerer kartet manglande data. Det vert stadfesta av omtalen av delområde 8 Samlafjorden, sjå side 55 i planen, vart det peika på mangelfullt og middels datagrunnlag på desse områda: Biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, fisk og fiske og reiseliv. Me ber om at NVE tek desse vurderingane med i sakshandsaminga.*
- 3. Det er søkt om to store kraftutbyggingar i vassdraget. Dei to prosjekta står til ei viss grad mot kvarandre, då dei vil bruka det same vatnet. BKK sine planar fører til at vassføringa elva frå Vossadalen til Fitjadalen vert sterkt redusert. Øystesekraft si utbygging brukar vatnet frå nedafor Fitjadalsvatnet. Den karakteristiske*

Ørredalsfossen og naturmiljøet i det nesten utilgjengelege og dermed urørte elvestrekninga nedafor, får mykje mindre vassføring enn i dag.

Øystese Kraft (ØK) :

1. Etter NFH sitt syn får utbyggingar som tek bort mykje av vatnet frå vassdraget, svært store konsekvensar for naturmangfaldet, landskapet og opplevinga av det som tidlegare sto fram som eit urøyrd landskap. Dette meiner vi er NFH sine personlege ytringar, og ser ikkje at det er grunnlag for å påstå at Øystese kraftverk får svært store konsekvensar for naturmangfaldet. Nedre del av Øystesevassdraget er heller ikkje uberørt, og med unnatak av Ørredalsfossen er det så godt som ingen ferdsel langs den aktuelle elvestrekninga. Ein kan få inntrykk av at Øystesevassdraget er det einaste gjenverande uregulerte vassdraget som strekkjer seg frå fjord til fjell. Som vi har kommunisert tidlegare vart det i samband med suppleringa av Verneplan for vassdrag konkludert med at verneverdiane i Øystese vassdraget i stor grad var dekkja gjennom eksisterande verna vassdrag i regionen. Vi legg ved oversikt over Verneplan for vassdrag i Hordaland som stadfestar nettopp dette som vedlegg 1.
2. Når det gjeld Fylkesdelplan for småkraftverk er det viktig å presisere at den vart utarbeidd på grunnlag av eksisterande og til dels mangelfull informasjon (som det også framgår i kommentaren frå NVH). Konsekvensutgreiinga for ØK er utført og nedskriven basert på eit omfattande feltarbeid av kompetansepersonell innan for ulike tema. Kunnskapen og datamaterialet for naturmiljø, kulturminne, fisk/ferskvassbiologi, landskap og fleire andre tema difor mykje betre no enn det var når Fylkesdelplanen vart utarbeida. Vår oppfatning er difor at verdi- og konsekvensvurderingane i KU-rapporten er mykje meir presise og pålitelege enn det som framkjem i Fylkesdelplanen, og at alt dette må sjåast i samanheng med undersøkelsesomfanget.
3. Vi viser til tidlegare kommentarar og legg ved bilder som viser vassføring i elva med verdiar tilsvarande minstevassføring. Hoveddelen av bileta er tekne med webkamera som har stått ved Ørredalsfossen, men nokre av bileta er også tekne av grunneigarane. Vassmålingane er gjennomført av hydrolog Kjetil Vaskinn i Sweco, og det er nytta automatisk vassloggar med loggeintervall på 1 time i kombinasjon med fleire manuelle vassmålingar.

På bakgrunn av dette materialet meiner vi Ørredalsfossen også etter ei eventuell utbygging vil framstå som eit landskapselement. I tillegg til minstevassføring, tilsvarande 5 persentilen, vil det i flaumperiodar(vår, sommar og haust) tilkomme meir vatn i vassdraget. Ettersom minste slukeevne er 720 l/s vil anlegget stå når vassføringa er mindre enn 1120 l/s (sommar)/870 l/s (vinter) og fossen opplevast som i dag.

På vegne av grunneigarane i Øystese Kraft A/S



Per Rykken